

## Føremål

Retningslinja fastsett målgrupper for Kvardagsrehabilitering (KVAR) og kriteria for tildeling.

## Gjeld for

Fysio-ergoterapitenesta og som gjer tildeling av Kvardagsrehabilitering etter denne retningslinja.

## Definisjonar

Kvardagsrehabilitering er eit tidsavgrensa og intensivt opptreningstiltak. Eit tverrfagleg team kartlegg behov og set mål for treninga saman med søker. Teamet jobbar saman med søker om å nå måla.

Kvardagsrehabilitering vert gitt som del av tenestene heimesjukepleie (HSP) og heimehjelp (HJT).

## Innhald

### Mål med Kvardagsrehabilitering

Tiltaket skal:

- Auke livskvalitet og meistring av kvardagsaktivitetar for heimebuande.
- Redusere og utsetje behov for meir omfattande kommunale tenester.

### Målgrupper for Kvardagsrehabilitering

Tiltaket er meint for:

- Dette er aktuelt for deg som opplever at kvardagslege aktivitetar er blitt utfordrande og vanskeleg å meistre. Nye brukarar som ikkje har hatt tenester (HSP/HJT) før eller brukarar som nyleg har fått innvilga tenesta.
- Brukarar som har behov for tett oppfølging i ein overgangsperiode og som treng tverrfagleg innsats.
- Pasientar som vert skriven ut frå sjukehus og frå korttidsopphald i sjukeheim.
- Brukarar i heimetenesta som får behov for auka tenester.

## Kriteria for tildeling av Kvardagsrehabilitering

Søkjar må oppfylle vilkår for å tildelt heimesjukepleie eller heimehjelp, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd og helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 nr- 6 a) eller b).

Søkarar må også vere i målgruppa for tiltaket og følgjande kriterium må vere innfridd:

- a. Søkar sin fysiske funksjon er blitt redusert akutt eller gradvis siste 6 månadar pga. sjukdom, brot og liknande. Søkar har på grunn av redusert funksjon vanskar med å meistre minst ein kvardagsaktivitet.
- b. Funksjonsendringa i pkt. a) må som hovudregel ha skjedd i løpet av det siste halvåret rekna frå søknadstidspunktet. Unntaksvise kan brukarar med redusert funksjon utover det siste halvåret få kvardagsrehabilitering dersom andre kriterium er oppfylt og gjennomføring av tiltaket vert vurdert som føremålstenleg, jf. pkt. 3.
- c. Søkjar ønskjer å ta opp att kvardagsaktivitetar i heimen eller i nærmiljøet.
- d. Søkjar er motivert for å gjere ein eigeninnsats for å trenere opp det han/ho tidlegare har meistra, for å greie seg sjølv i størst mogleg grad.
- e. Søkjar kan ta instruksjon og følgje eit enkelt program med øvingar på eigehand.
- f. Tenesteytar har kapasitet til å gjennomføre tiltaket.

## Kriteria for avslag

Kvardagsrehabilitering er som hovudregel ikkje egna for brukarar som oppfyller ein eller fleire av kriteria under:

- a. Søkar har behov for enkelttiltak/behandling, som ikkje krev tverrfagleg innsats.
- b. Søkar kan sjølv gjennomføre trening utan bistand frå helse- og omsorgstenesta.
- c. Søkar er venta å greie seg sjølv utan rehabilitering.
- d. Søkar er ikkje samtykkekompetent.
- e. Søkar har alvorlege sjukdomar i langkomen fasen, eller livet går mot slutten.
- f. Søkar har langt kommen kognitiv svikt.
- g. Søkar har alvorleg psykisk sjukdom.
- h. Søkjar har alvorleg rusmiddelavhengigheit.
- i. Søkar er i behov for rehabilitering i institusjon.

**Sjekkliste for moglege kandidatar for Kvardagsrehabilitering**

		JA	NEI
1	Er bruker motivert for å gjere ein eigeninnsats for å bli betre?	■	■
2	Har bruker nokon nyoppståtte problema med å meistre kvardagsaktiviteter?	■	■
3	Har bruker et nyoppstått funksjonsfall (siste 6mnd?)	■	■
4	Har bruker hatt hyppige innlegginga grunna infeksjonar eller liknande?	■	■
5	Har bruker falt ila. det siste året?	■	■
6	Har bruker problema ift. balanse eller er ustø?	■	■
7	Har bruker store smerter (dårleg smertelindra)?	■	■
8	Er bruker kognitivt svekket?	■	■

- Ikkje kandidat for KVAR
- Fyller da ikkje krava for å kunne få KVAR, men viss det er JA på eit punkt så ta kontakt
- Vær litt OBS, men så lenge bruker har JA på eit punkt så kan bruker vurderast for KVAR
- Skal helst ha alle kryss i grønt for å være ein god KVAR kandidat**